

Torgrim Otterholt

Eidsborgv. 472 C

3891 Høydalsmo

Eidsborg 27.06.2014

E-post: torgrim.otterholt@t-fk.no

Svar: Høyring av søknad om overføring av Espelitjønn til Tokke kraftverk.

På vegne av styret for Vest-Telemark Museum Eidsborg som både er grunneigar fram til Espelidtjønn og som har dette landskapet knytta til museet ved turstigar og rekreasjonsområde , så vil vi på det sterkaste be om at Espelitjønna ikkje blir regulert på bakgrunn av kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet.

Vest-Telemark Museum Eidsborg er grunnlagt på to gamle gardar og skal i dag også primært vise eit middelaldermiljø både i gardstuna og nærmiljøet som etter kvart har blitt nytta meir og meir av turistnæringa. Tidlegare var det dyr på gardane og den nære utmarka grensa i ein spiss opp til Espelitjønn slik at dyra alltid skulle ha nok tilgang på vatn. Vi har delvis også i det siste hatt dyr på eigendomen, og det kan bli aktuelt igjen å nytte denne vatningsplassen. Ved regulering blir grunntilhøva endra , og det er ikkje i museets interesse både når det gjeld praktiske konsekvensar og det opprinnelige kulturmiljøet som vi vektlegg. Bygging av dam og oppdemming vil øydelegge meir av det naturmiljøet vi ynskjer nær museet.

Det biologiske mangfaldet vil også endre seg ved slike kunstige tiltak i naturen. Nå ligg Espelitjønna som ein liten "oase" og endrar seg naturleg med årstidene til glede for oss alle som føler oss knytt til naturen og dette nærmiljøet. Ei endring i plantelivet, t.d. attgroing rundt tjønna, vil også føre til endringar for fisk og vilt, og skape eit anna synsinntrykk som vi ikkje ynskjer nær museet.

Konklusjonen er at vi ikkje ynskjer denne utbygginga som berre har ulemper for oss som er knytta til Espelitjønna.

Torgrim Otterholt

Styreleiar Vest-Telemark Museum Eidsborg